

# KYRKJEBLADET

67. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2013

**Andakt** Side 3**Slekters gang** Side 15**Gudstenesteliste** Side 16**Intervju med Einar Mjelde**

Side 8-9

**Gravferdsordninga i Vaksdal**

Side 10-11

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjevevjerje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevjerja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Sokneprest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 113, 5721 Dalekvam

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Sokneprest i Dale, Eksingedalen,

Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)*

*Bilete på framsida:*

*Gjengen som var samla på Torvedalsstemna 28. juli. Les meir på side 4.*

*Foto: Frøydis Gullbrå.*

## «Kor forgjengeleg dette livet er»

Innimellom vert me minna om kor forgjengelege me er . Det kan vere nokon som står ein nær som vert sjuk og fell bort, og som får ein til å tenkje på at livet ein gong har ein ende. Me går til slutt bort, og me vert gravlagde. Dei fleste av oss har delteke i gravferder, og til og med vore på ulike gravplassar, men arbeidet og ressursane som skal til er lite kjente. Særleg kva som vert gjort av arbeid frå eit dødsfall vert meldt og til grava er lukka på gravferdsdagen. I Kyrkjebladet ynskjer me denne gongen å fortelje kva som er vanlege rutinar her hjå oss, i Vaksdal. Kvifor har Den norske kyrkja ansvaret for gravplassane, og kven gjer kva. Me rekk ikkje ta opp alle sider ved dette, men håper at de som treng vite meir, tek kontakt med kyrkjekontoret eller prestane. For oss som arbeider i kyrkja er dette ein av oppgåvene me har føre oss fleire gonger i månaden, og då er det lett å tenkje at «alle» veit korleis det går føre seg.

### Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjevevjerja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

Wenche Horvei

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 13. november 2013**

# KVEN ER DU?

**”Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men taper si sjel?”**

**Mark.8.36**

Det er Jesus som spør. På gresk har dei same ordet for sjel og liv. Det å misse sjela si er å dø. Kva er sjela? Å svare på det er det same som å svare på spørsmålet: Kven er du?

## EG ER

Kven er du? Eg kan svare namnet mitt. Eg kan seie kven eg er son av. Eg er nordmann, fødd i Bergen. Eg bur på Vaksdal. Kjønn og legning. Eg er gift. Eg kan svare alder og yrke. Eg kan fortelje interesser. Eg kan svare med livs-syn, kva eg trur, kva fellesskap eg høyrer til. Har eg då svart på oppgåva? Både ja og nei. Når Gud sjølv skulle seie namnet sitt, sa han: EG ER. Det viktige er at han er til.

## IDENTITET

Identitet er meir enn ytre omstende. Kven kan svare? Eg kan subjektivt svare på kven eg meiner eg er, eller kven eg gjerne vil vere. Kanskje pyntar eg då litt på biletet av meg sjølv, eg ”gløymer” litt, eller sågar gøymer noko. Kven er eg for familie og vener? Kven er eg for framande? Kva er sanninga om meg? Finst det eit objektivt svar? Eller er eg som i Peer Gynt, berre ein lauk som kan skrel-last av utan at ein kjem til ei kjerne. Er sjela tom?

## KVEN SEIER ANDRE AT EG ER?

Andre kan óg seie noko om kven eg er slik dei ser meg. Er det samsvar mellom kven eg vil vere, og kva oppfatning andre har? Mange er frykteleg sjølvkritiske. Dei vil finne at andre tenkjer mykje høgare enn deira eige sjølv-bilete.

Jesus spurde læresveinane om kven andre og dei sa han var? Det leia til Peters vedkjenning: **”Du er Messias.”** i Mark. 8.29. Denne vedkjenninga er midtpunktet i evangeliet. Svaret definerar kven læresveinane er, dei som trur på han.



## JESU UTFORDRING

Jesus utfordrer oss. Er det samsvar mellom dei verdiane eg vedkjenner meg og det livet eg lever? Er eg ein hyklar? Jesus er i eit ordsките om det å følgja han. Den som vil følgja etter meg, må seia nei til seg sjølv. Men er ikkje det å missa sjela si? Nei, Jesus sier at den som mistar livet sitt for hans skuld, har funne det. Livet er nemleg ikkje å snu kapp etter vinden, etter kva som tener meg økonomisk, materielt eller til ære. Då er det pengepungen som har tatt sjela ifrå meg. Men når eg vert meir oppteken av andre og kva dei treng til, då vert eg heil. Han eller ho som er trygg i seg sjølv, og eiga overtyding treng ikkje skjela til kva andre tykkjer. Det er ikkje vesentleg. Sjela mi er tufta i han som gav livet sitt for meg, Jesus Kristus. **”Så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt men ha evig liv.” Joh. 3.16** Eg treng inga høgare anerkjenning enn som så. Det gjeld då ikkje kva eg gjer, eller kva eg eig, men kven eg er, eit elska Guds barn. Anten eg lever eller døyr, høyrer eg Herren til.

*Med helsing Edvard Bø, sokneprest*

# Utegudstenester

Nesten 10 % av gudstenestene våre i år er utandørs! Slik er det å bu i ein kommune med mykje og variert natur.

Olsok-gudstenesta som skulle vera på Leiro, vart flytta til Ljoseberghelleren, då det kom torever i firetida. Det var allereie nokre som hadde starta tidligare på dagen og hadde komme opp til Leiro før toreveret slo til, men dei 16 som var med og sat i ly under Ljoseberghelleren fekk mellom anna med seg regnbukse som ny versjon av prestedrakta!

På fjellet mellom Gullbrå og Vossestrand ligg Torvedalen. For 100 år sidan byrja folk å samlast til stemna der, og dette jubileet vart markert siste sundagen i juli. Om lag 70 personar var samla, opp mot 30 av dei frå Eksingedalen, til gudsteneste og matøkt etterpå. Det vart regn på heimvegen, men trass i dette fekk turlyden sjå eit anna døme på prestedrakt: Shorts! Vossestrand hadde med seg sin prest, John Ove Thaulle, men folk frå begge sider av fjellet bidrog på ulikt vis under gudstenesta.



EIDSLAND: Gudsteneste under Ljosberghelleren.  
Foto: Ragnvald Kringlebotten



TORVEDALEN: Ein songkvintett var spontant sett saman. Frå venstre: Arvid Nese, Svein Tollefsen, Magnar Nese, John Ove Thaulle og Gudmund Furu.  
Foto Frøydis Gullbrå.

## Liker du å syngja? Bli med i kor!

**Babysong** 0-4 år, i Stamnes bedehus

Samling ca ein gong i månaden med song, leik og skattejakt. Matpakke tek ein med, servering av drikke og frukt. Tysdagar kl 09.30 –ca 11.30. Dato for første samling vert kunnngjort, følg med.

**Stamnes barnekor**, 4 år og oppover, i Stamnes bedehus

Eit kor med song, trivsel og leik. Opplæring i å stå i kor, syngje og med høve til å utfalde seg. Ein trusopplæringsarena i trygge omgjevningar.

Øving torsdagar frå 17.00-18.00. Første øving 5.september.

**Stanghelle/Dale barnesongkor**, 8 år og oppover,

i Dale kyrkje

Eit kor med høve til utvikling av songstemme og kjennskap til ulikt repertoar, kunnskap om bibelforteljingar og andre forteljingar. Reiser kvart år på tur og har sosiale samver.

Øving onsdagar kl 14.10 til 15.10. Neste øvingar; 4. sept, 11. sept osv....

**Vaksdal barnekor**, 8 år og oppover, i Vaksdal kyrkje

Eit kor med høve til utvikling av songstemme og kjennskap til ulikt repertoar, kunnskap om bibelforteljingar og andre forteljingar. Reiser kvart år på tur og har sosiale samver.

Øving tysdagar frå 14.10-15.10. Neste øving 3. sept, 10. sept osv.....

**Kilden**, ungdom og oppover, i Vaksdal kyrkje

Eit kor med ulikt repertoar, sosiale samver, songoppdrag ved mange ulike høve, reiser innimellom på tur, gjev høve til utvikling av songstemme og songkunnskap.

Øving fredagar frå kl 18.00-19.30 . Neste øving 6. sept, 13. sept osv.....

Bli med på ein eller fleire aktivitetar som passar din alder. Velkommen!

## UTDELING

### AV 4-ÅRSBOK

**Dale kyrkje:**

Sundag 3. november kl. 11.00

**Stamnes kyrkje:**

Sundag 3. november kl. 16.00

**Vaksdal kyrkje:**

Sundag 10. november kl. 11.00

**Nesheim kyrkje:**

Sundag 1. desember kl. 15.00

(Utdeling av bok til 4- og 6-åringane)

## KONFIRMANTJUBILEUM

Har du ikkje fått innbyding? Ta kontakt med Kyrjekontoret.

**Stamnes bedehus**

Laurdag 14. september kl. 18.00: 50-årskonfirmantar og årets konfirmantar.

**Dale kyrkje**

Sundag 13. oktober kl. 11.00: 50- og 60-årskonfirmantar

**Vaksdal kyrkje**

Sundag 20. oktober kl. 11.00: 50-årskonfirmantar



## Lyskastarar i Dale kyrkje

I Dale kyrkje er det sakna betre lys framme i kyrkja. Dette merkar ein mellom anna når det er konsertar og det er vanskeleg å sjå musikarar og songarar. Like eins trengs det betre lys når medverkande i gudstenestene står i koren eller i kortrappa, slik som når det er barnehagegudsteneste. Det vil i haust bli arbeid med å skaffe eit lysanlegg som skal stå permanent i kyrkja, og målet er å ha det klart til advent. Anlegget vil delvis bli betalt ved hjelp av fonds-midler knytt til Dale kyrkje, men soknerådet vil truleg gå ut både til bedrifter, foreiningar og lag samt einskildpersonar for å be om hjelp til finansieringa.

## Tone trusopplærar, -for ei stund

Vaksdal får tildelt trusopplæringsmidlar i inneverande år. Det skal vere rom for ei 50% stilling som trusopplærar i Vaksdal etter kvart. Sjølv om planlegginga har halde på ei stund, er det enno nokre bitar som må på plass før me kan ta steget å tilsetje trusopplærar i fast stilling. Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf har sagt seg villig til å gå inn i ei 25% stilling som trusopplærar fram til nokon er tilsett. Ho ynskjer dette fordi ho meiner at trusopplærar er viktig, det er eit spennande arbeidsfelt, og at ein bør kome i gang så snart som råd er etter at midlane er tildelt. Tone arbeider alt innfor dette feltet, både i kor og som medarbeidar på konfirmantleiarane. Ho har kompetanse på området både med pedagogikk og ei vidareutdanning med fokus på barn og unge. Ho har frå før 75% stilling og kan med dette fylla opp til 100% for ei kort tid. Stillinga kan verte lyst ut seinare i haust. I denne perioden vil me at ho er med og formar stillingsinnhald og opplegg for den som snart skal få høve til å søkje på stillinga.

# Søndagsskulen på Vaksdal er godt i gang!



Læring av bibelforteljingane kan også skje på golvet med borna som deltakarar. Foto: Lene Kristin Rhode

Fem søndagar i haust er alle born i bygda Vaksdal invitert til søndagsskule i bedehuskjellaren. På søndagsskulen lærer dei både nye songar, som «Det er så brrra» og «Hjertepalass», og meir kjende songar som «Min båt er så liten». Borna leikar mange ulike leikar, og får gjennom varierte måtar fortalt ulike bibelhistoriar. Dei får også sta-

dig nye oppdrag å løysa, ved teikning eller skrivning, eller meir praktiske aktivitetar som å laga puslespel. Den fyrste søndagsskulen har allereie vore, og eit titals born fekk gøyma seg under det nye «undringsteppet» medan dei høyrte om korleis Gud skapte jorda. Spanande for både små og store!



Frå venstre: Olaug Lunde Stamnes frå soknerådet, Odd Dyvik, Geir Ove Carlsen, Anny Bjordam Leiren og Ove Gunnar Dyvik. Foto: Anne Margrete Eikefet

## Stamnes kyrkjelyd takkar

Under kyrkjekaffien på Stamnes den siste sundagen i august var det fleire som vart takka for innsats på ulike områder. Kjell Dyvik har laga oppslagstavla ute, Geir Ove Carlsen har laga julestall og nytt skap i sakristiet. Anny Bjordam Leiren sydd messehaket, Ove Gunnar Dyvik har smidd ringar til offerposane som Anny har sydd, og Karsten Stien dreia skafta til dei. Desse skafta vart dreia av den 6000 år gamle eika som vart funnen utanfor kyrkja!

# Teamtur til Tsjekkia

Denne sommaren opplevde eg noko som fekk meg godt ut av komfortsona mi, men samstundes var utruleg lærerikt og spennande. Eg; Maria Kolgrov Strand, og Margot-Helene Rosvold, reiste saman med mange andre, på misjonstur til Tsjekkia. Landet vert statistisk rekna som det mest ateistiske landet i Europa og er no i ferd med å bli kjent med Jesus på nytt!

Den fyrste helga var me med på Tsjekkisk IMPULS-festival i Ostrava. Festivalen er bygd på same lest som IMPULS-festivalen som IMI-kyrkja i Stavanger arrangerer. Sjølve festivalen samla kring 200 menneske frå Tsjekkia, Noreg, Polen, Finland, Russland, Latvia og Slovakia.

Etter festivalen starta "IMPULS-week". Til sju byar skulle det sendast sju ulike team. Kwart team bestod av lokale kristne tsjekkarar, besøkande tsjekkarar, og besøkande utlendingar. Frå søndag til måndag var det teambuilding og førebuingar, og så vart me sendt ut.

Margot-Helene, eg og to andre nordmenn vart sendt på team til Orlova, ein by med ca. 34 000 innbyggjarar. Fyrst vart me litt bekymra, fordi det verka som den lokale kyrkja ikkje hadde førebudd veka noko særleg. Men Gud viste at han kan snu noko som ser utfordrande ut til noko bra, og det vart ei uforgløyemleg veke i ein by som på mange vis var fargerik og flott, samstundes som den var prega av ein del fattigdom, arbeidsløyse og sosiale problem.

Dagane våre hadde si faste rutine. Vi overnatta i gymsalen på ein skule på kvar vår tjukkasmadrass

(rein luksus!), og etter frukost brukte vi tid på lovsang, bibellesing og bønn, og berre å vere stille innfor Gud. Deretter delte vi det vi hadde fått frå Gud og ba for dagen, før vi utførte ulike praktiske oppgåver. Etter lunsj gjekk vi til Spirala, ein kommunal fritidsklubb, der vi leika, prata, spelte fotball, volleyball og andre spel med born og ungdommar. Kommunikasjonen gjekk etter kvart overraskande bra. Det er stilig å sjå kva ein kan formidle ved hjelp av fingerspråk, smil og leikar, og særleg når tsjekkarane på teamet kunne omsetje for oss! Det var utruleg kjekt å få lov til å vise kjærleik og omsorg for desse borna, og fortelje og vise dei at dei var verdifulle, elska og viktige i seg sjølve!

På kveldane arrangerte vi ulike aktivitetar i ei kyrkje. Eine kvelden hadde vi filmkveld, ein annan kveld foto-studio, grilling, og ein kveld med "norsk aften" der vi gav dei ein liten smakebit av Noreg både bokstaveleg (med t.d. sjokolade og brunost) og gjennom bilete, leikar og Grand Prix-dansen "Glow". Siste dagen arrangerte vi fotballturnering og grilling. Kvar kveld vart avslutta med måltidsfellesskap med dei faste medlemmane av teamet, og etter kvart også andre som ynskte å vere med.

Det var inspirerende å oppleve at Gud gav oss dei nådegåvene han såg vi trengte. Vi opplevde fleire gongar at Han hadde sett saman eit team som på ein svært god måte utfylte kvarandre. Det var også fantastisk å sjå korleis dei lokale kristne fekk nytt mot då vi var der. Noko av det eg sette størst pris på i løpet av teamturen var å



Sara og Dominiqa er fascinerte av Margot-Helene si gitarspeling.



Frå "norsk aften" i kyrkja vi var i om kveldane.



Full aktivitet på Spirala.

oppleve fellesskapet ein har i Guds familie. Det kjennest verkeleg som at eg har fått nye brødre og søstre. Neste år håper eg fleire vågar seg

ut av komfortsona, og blir med!

**Helsing  
Maria Kolrov Strand**

# Min salme

I forrige nummer av kyrkjebladet delte Ingrid Verpelstad sin salme med oss, og sende stafettpinnen vidare til Bergsdalen til Lise-Lotte Småbrekke.

Her kjem hennar bidrag:

Som min salme velger jeg nr. 479 i salmeboka: "Deg å få skode er sæla å nå". Det er en gammel irsk salme fra 700-tallet som er oversatt til norsk av Arve Brunvoll. Melodien er en irsk folketone.

Det er ca 15 år siden jeg første gang la spesielt merke til salmen. Den ble brukt i et bryllup, og jeg syntes det var en flott bryllupsalme.

Kort tid etterpå var jeg tilstede i en begravelse hvor salmen òg var brukt. "Du er min arv som varer til sist".

Salmen gjorde dypt inntrykk på meg brukt også i den sammenhengen.

"Deg å få skode" er blitt min salme gjennom årene, og det gir glede å synge den.

Salmen er blitt sunget i mange århundrer, noe som viser at teksten treffer hjertene.

Lise-Lotte Småbrekke

Ho utfordrar Arne Normann til å kome med «Min Salme» til neste kyrkjeblad.

**Tekst: Irsk tekst frå 700-tallet.**

**Til engelsk ved Mary Byrne (1905) og Eleanor Hull (1912)**

**Omsetjing: Arve Brunvoll 1978**

**Melodi: Irsk folketone**

- 1 Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
ljuset som strålar ved dag og ved natt!
- 2 Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!
- 3 Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!
- 4 Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst.
- 5 Konge i æva, å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der.  
Amen.

## Vannleidningsbrot ved Vaksdal kyrkje

Boblende vannpytt i grusen innafor kyrkjeporten på Vaksdal varsla om eit nytt vannleidningsbrot, berre nokre månader sidan sist. Kvaliteten på leidningen er for dårleg for trykket i Vaksdalsgarden, og leidningen vert skifta. Me prøver å verne om skiferhellene, som vart lagt på dugnad for nokre år sidan, men noko av arbeidet må takast opp att. Som vanleg er slike hendingar med på å nappe løyvingane ut frå dei vedtekne vedlikehaldsprosjekta på kyrkjene, slik at me kanskje må utsetje nokre tiltak til neste år.



## Kyrkjegardsmuren på Vaksdal

Fellesrådet har søkt kommunen om midlar til å reparere kyrkjegardsmuren på Vaksdal. Muren ligg langs Tvesporvegen, og vart sett opp då kyrkjegarden vart utvida. Muren står delvis på ein betongsokkel, men det er berre på ei tynn stripe langs vegen. Resten er fundamentert på pukk og grus, og har byrja sige. Dette fører til at muren legg seg inn mot gravplassen. Det vil truleg koste fleire hundre tusen å fundamentere på nytt, og mure opp att.



Bedehuset er sentralt plassert i bygda, framsida skal etter planen byggast om og ut.

## Ein engasjert mann

*Omsorg kan vere eit stikkord for Einar Mjelde sitt liv. Både ho han gjev, og ikkje minst ho han tek imot. - Eg ser meir og meir at livet handlar om å ta imot og å leve i Guds nåde.*

### Bedehuset

61-åringen er engasjert på mange frontar. I om lag tre tiår har han vore leiar for husstyret til Vaksdal bedehus, og arbeidd for at huset kan vere tenleg for den kristne fellesskapen – ja, for heile Vaksdalsbygda. - Dei siste åra har bedehuset fått nye kjøkken oppe og i kjellaren, nye stolar og bord og nytt lydanlegg i hovedsalen, varmpumper, nye golv og ny kledning rundt delar av huset. Bygdefolket har stilt kolossalt opp for bedehuset gjennom til dømes basarar. Gåver i titusenkronersklassen har me og fått. Så når me har rusta opp bedehuset har me betalt kontant, og bedehuset er gjeldfritt.

I bedehuset sin kjellar held Vaksdal

Kristelege Ungdomslag til, og dei samlar unge frå fleire av bygdene i kommunen. Øvst i bedehuset er det eit rom som kan huse til dømes predikantar som treng ei seng for natta, og eit studio der Radio Vaksdal heldt til i si tid. Einar var leiar for radioen, og er elles kontaktperson for Normisjon i bygda. No står nye utfordringar for døra, for det trengs ei ombygging av bedehuset for å møte dei nye krava om universell utforming.

– Me planlegg ombygging av inngangspartiet, noko som og vil gjere det lettare for menneske med rørslehemming å koma inn, og gje monaleg betre toaletttilhøve.

Bedehuset har det dei kallar storsamlingar om lag kvar tredje veke, og då samlast menneske i alle aldersgrupper. I kjellaren er det sundagsskule, som er samstundes med storsamlinga men likevel uavhengig av henne.

Einar syng i Kilden, der han og er leiar for styret. Og song har han halde på med lenge. -Me starta ei songgruppe då Turid og Magne Steinnes byrja som prestepar







Drifta av bedehuset vart enklare då det vart bygd kjøkken bak i storsalen. Tidlegare måtte ein gå i bratte trapper til og frå kjøkkenet.



Det er stadig små og store praktiske opp-gåver som må gjerast.

på Vaksdal. Det var då ei bryningstid når det gjeld musikkstil og instrument, og då me nytta både trekkspel og gitarar vart det vel mykje for somme. Fleire songarar kom til, og me fekk Trygve Boge som dirigent, og etter kvart fekk koret namnet Fides. Det var øvingar i kyrkja fredag kveld, og så bibelgruppesamling etterpå.

### Ulfnesøy, gravferdsbyrå og Vaksdal Mølle

Arbeidet sitt har Einar på Ulfnesøy, der han har ansvar for verksbetjentane og leiar arbeidet deira på øya. Einar understreker at det der og er snakk om omsorg. - Me er ikkje der for å straffe dei, for både dom og straff har dei fått tidlegare av andre. Vår oppgave er å vise dei omsorg ved å hjelpe dei til å aktivisere seg, og på andre måtar hjelpe dei til å greie seg best

mogleg når dei sonar og etterpå. Dei innsette er vanlege menneske som av ulike årsakar har kome i vanskelege situasjonar og har øydelagt egne og ofte andre sine liv. Gjennom arbeidet mitt er det viktig å hjelpe dei og å få bety noko for dei.

Før Einar kom «i fengsel» vil mange hugse han som leiar av Vaksdal Blomster og Begravelsesbyrå. Han hadde vore innoom slikt arbeid tidlegare og, så då byrået vart kjøpt av Åsane Begravelsesbyrå for 12 år sidan og trengte nye folk fann han ut at dette var noko for han. Og kan hende går han attende til slike oppgaver når han vert pensjonist frå sin noverande jobb. Før jobben i gravferdsbyrået, sidan 1974, var han på Vaksdal Mølle. Fyrst som sjåfør på kranbil, og seinare som avdelingsleiar for vedlikehaldsavdeling.

### Familie

Lone var staden der Einar vaks opp, som yngst av åtte sysken. Mora døydd då han var ung, og han fekk tidleg oppgaver i heimen og på garden. Familien var engasjert i arbeide på bedehuset, Betania, der faren var sundagsskulelærer. Det same vart Einar etter kvart, og han bidrog elles gjerne med trekkspellet sitt. For over førti år sidan gifte han seg med Vaksdalsjenta Karin og flytte til heimbygda hennar. Dei har tre born og sju barneborn, som alle bur i bygda. Einar og Karin har alltid lagt vekt på å ha ein open heim, og har opplevd alt frå å ha ein stor ungdomsflokk samla til bibelgruppe til å ta imot ein-skildmenneske som trengte nokon å snakke med. Den siste tida har dei fått god kontakt med eritrearane som bur i bygda, då dei er med i ei gruppe menneske som møte desse regelmessig. Einar gler seg over at deira egne born og har

funne sine plassar i bedehuset, og at det same gjeld for barneborna.

-Det er viktig å ta borna med frå dei er små, seier han. Han og Karin er så heldige at dei har borna og familiane deira buande i nærleiken, så dei har mykje og god kontakt med dei. Og framleis stiller Einar mykje opp for borna, når til dømes ein terrasse skal byggast eller noko skal vølast.

### Trua

-Trua på Jesus har eg hatt heile livet, ho er mitt faste haldepunkt. Og eg ser meir og meir kor lite viktige dei materielle tinga er. Med livet mitt ynskjer eg å dele Guds nåde med menneska, og gje Han æra. Noko Paulus skriv i Romarbrevet 8, 28 finn eg god hjelp i: Vi veit at alle ting tener til det gode for dei som elsker Gud, dei han etter sin frie vilje har kalla. Somme gonger buttar det i mot, eg kjenner på tvil og ser eg gjer feil. Då er det godt å ha ein stad eg kan legge dette frå meg, slik det er godt å få legge frå seg ein tung ryggsekk. Det er ein stor tryggleik i å få kvila i nåden. Og så får eg vere med i arbeidet i Guds rike. Når eg ber for dagen og oppgåvene, kan eg stola på at Herren leier meg.

*Ein song av Bjarne Rabben, som står på nr 860 i Sangboken, er Einar særst glad i:*

Eg veit ei hamn for meg som heimlaus vankar  
og som i livsens storm så lett driv av.  
Eg veit ei hamn for mine redde tankar  
som flyg lik trøytt fuglar over hav

Eg veit ei hamn der hjarta mitt kan kvile  
når det er sårt og veit seg ingen fred.  
Eg veit ei hamn, der sola klårt skal smile  
når alle mine ljøs har brunne ned

Eg veit ei hamn når eg mot kvelden seine  
skal styre inn mot dødens mørke strand.  
Eg veit ei hamn, og berre denne eine,  
der eg frå strid og naud stig frelst i land.

Eg veit ei hamn som heiter Kristi nåde.  
Ei hamn i livsens jag og dødens natt.  
Der er det bot for brot og vern mot våde,  
der finn mitt mødde hjarta heimen att.

**Intervju/tekst:  
Frode Kvamsøe**

# «Kor forgjengeleg dette livet er»

Litt informasjon om gravferder hjå oss i Vaksdal, og kven som gjer kva.

Gravferdslova som kom i 1997 har bestemt at det er kyrkjeleg fellesråd som skal ha ansvar for administrering av gravplassane i kommunane. Difor har kyrkjeverja ansvar og arbeid med å finne gravstad for alle, anten dei er medlemmar i Den norske kyrkja eller ikkje. Denne ordninga vart vidareført då gravferdslova fekk nokre endringar i fjor.

## Gravferdslova § 3. Kirkelig fellesråds og kommunens ansvar.

Kirkelig fellesråd har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjett forslag fra fellesrådet.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har ansvaret for å administrere, kommunen har ansvaret for økonomien. Ei landsomfattande undersøking viste at flesteparten av befolkninga var nøgd med administreringa og tenestene til kyrkja, og me håper dette er tilfelle i Vaksdal og.

## Når nokon døyr, kva då?

Det er så mange skikkar rundt om, ikkje berre mellom dei ymse trudemssamfunna, men og mellom bygdene våre. Difor seier me at «som oftast» tek dei pårørande kontakt med eit gravferdsbyrå for å få hjelp. Det hender at dei pårørande ynskjer å stelle med gravferda sjølv, og det har dei høve til å gjere. Byrået tek seg av dei praktiske oppgåvene kring flytting av kista, pynting, trykking av songark til gravferda, og registrering av opplysingar på offentlege skjema. Byrået kontaktar kyrkjeverja for avtale om gravferd eller bisetting.

Dersom seremonien skal skje etter Den norske kyrkja si ordning, og frå ei kyrkje, tek prestane kontakt med dei pårørande for å gjere avtale om

samtale. Minneord skal formast, og sjølve gjennomføringa av gravferdsseremonien med minneord og helsingar skal avtalast. Gravferdsbyrået kontaktar og kantorane, og opplyser om val av salmar.

Når gravferder vert melde til kyrkjeverja, vert det funne plass på gravplassen. Stundom vert dette gjort i samråd med dei pårørande, særleg om det er gamle slektsgraver som skal nyttast. Det kan vere ei gamal grav, ny grav, med eller utan plass ved sida, eller til dobbel djupn slik at det vert plass for ei kiste til på eit seinare tidspunkt. Plasseringa på sjølve gravplassen kan og verte drøfta. Nokon ynskjer at grava skal liggje nær andre i familien. Me prøver å oppfylle ynskja til dei pårørande så langt det er mogleg.

## Gravferdslova § 12. Frist for gravlegging.

Dersom avdøde ikke er blitt kremert, skal gravlegging skje senest 10 virkedager etter dødsfallet.

Dersom avdøde er blitt kremert, skal gravlegging skje senest 6 måneder etter dødsfallet.

Det er mange faktorar som er med på å bestemme kva tid gravferda skal gå føre seg. Dei nærmaste pårørande må få tid til å reise hit, og til å få annonser dødsfallet. Det må vere ledig kyrkje, prest, organist og kyrkjetenar, og i tillegg må gravarane rekkje å lage grava ferdig. Kyrkja må varmast opp, og reinhaldarane må få melding. Det kan verte mange telefonar før tid og stad er bestemt.

## Bisetting er ei grei ordning

### Gravferdslova § 10. Kremasjon

Kremasjon kan skje med mindre det er kjent at det var i strid med avdødes ønske.

Kremasjon har vorte meir og meir vanleg hjå oss. Seremonien i kyrkja er den same som ved gravferder, men vert avslutta med jordpåkasting og ein liten ekstra seremonidel inne i kyrkja. Kista vert boren ut, og plassert i bære bilen, som tek den med til Møllendal kapell for kremasjon. Urna vert tinga tilbake av kyrkjeverja, som gjer avtale med dei pårørande om tidspunkt for nedsetting på gravplassen. Ei kistegrav kan ha plass til åtte urner, så i høve bruk av areal til gravlegging er det ei god og fleksibel løysing. Det er fint om dei som tenkjer seg kremasjon ved livets slutt fortel dette til slekta, slik at ynsket kan verte oppfylt. Like viktig er det å seie i frå om ein ikkje ynskjer det. Når dagen kjem, kan det vere vondt å ta den diskusjonen dersom det ikkje er sagt noko på førehand. Me er så ulike, og mange vil ikkje snakke om dette i det heile.

## Gravtenesta vår

Det er om lag 65 gravleggingar i året i Vaksdal. Vaksdal kommune si teknisk eining har ansvar for graving av alle gravene. Når dei får gravkartet og opplysingane om kvar grava skal vere, reiser dei ut og førebuar arbeidet. På vinteren må dei gjerne reise ut to dagar før gravferda, og både brøyte og strø, og leggje på eit tineapparat slik at det er mogleg å trengje gjennom den frosne jorda. Det er ikkje alltid så lett å kome til med utstyret mellom gravsteinar og murar, men dei har lang erfaring i å løyse problema på staden. Gravminner, lykter og plantar må flyttast for å gje plass for jordmassane som skal takast opp. Dei vert lagt til sides under gravferda, og sette på plass att etterpå. Dersom gravsteinane ikkje er monterte rett, eller frys fast, lagar det ekstra arbeid. Lykter som er monterte med lim og som ikkje kan skruast lause, kan få skadar. Det er ikkje alltid råd å få erstatte slike skadar, når forskriftene ikkje er følgde.

Heldigvis er det sjeldan det skjer.

På gravferdsdagen reiser gravarane ut for å sjekke at alt er i orden med grava. Det hender at sidene stökk inn litt, eller at det har regna så mykje at ein må pumpe vatn ut av den. Det vert lagt ut tau til seinking av kista, og bord til å setje den på før seinkinga. Under gravferda er dei aldri langt unna, i fall det hender noko med grava før kista skal seinkast. Det har kome kommentarar på at dei stundom er synlege på staden, eller at minigravaren står på kyrkjegarden, men ettersom dei er like viktige for gravferda som dei andre aktørane, må ein godta at det vert gjort slik. Arbeidet må gjerast.

Like etter at seremonien er ferdig, og dei pårørande har gått frå staden, vert kista dekt med jord.

*Det er viktig å hugse på at blommar og kransar som vert lagt ned i grava, følgjer kista, medan dei som vert lagt på kanten og rundt vert lagt på grava når den er fylt opp.*

Stundom rekk ikkje gravarane å gjere seg heilt ferdige med å tilbakeføra plantar, og vaske gravsteinar for jordsøl, og setje gravsteinar på plass, men då er dei tilbake neste arbeidsdag.

## – Og merkjet, det stend

Det er mange leverandørar av gravsteinar i distriktet. Desse har fått opplyst kva reglar som gjeld for utforminga, og skal sende søknad til kyrkjeverja om godkjenning. Det er fastsett kva storleik eit gravminne kan ha, og retningslinjer for sikring mot velting. Hjå oss må me vente i åtte månader etter gravferda før me kan setje opp stein på grava. Dette av di jordmassane vil sige, og gravsteinen er vanskeleg å få til å stå slik den skal.

Det er dei pårørande som bestemmer om ein vil ha gravstein på grava, om ein vil plante, eller late vere. Det er dei pårørande som eig, og har ansvar for at gravsteinen er sikra mot velting, og er innafør

forskriftene. Dersom ein ikkje ynskjer å ta vare på grava, skal gravsteinen fjernast. Dette kan me utføre etter avtale.

### § 15. Festerens rettigheter og plikter

Festeren har rett til å bestemme hvem som skal gravlegges i graven og forsyne graven med gravminne samt ellers rå over den, om ikkje annet følger av gjeldende bestemmelser. Festeren har plikt til å holde graven i hevd.

### Festeavgifta kjem

Kvar haust vert det sendt ut krav om festeavgift til dei som har hatt forfall på denne. Festeavgifta vert fastsett av kommunestyret, etter forslag frå kyrkjeleg fellestråd. For tida er avgifta kr 1000,- pr 10 år, og vert fakturert for ti år om gongen. Den som står oppført som festar for gravstaden får rekninga, om ikkje anna er avtalt. Festeavgifta trår i kraft første gong når ei grav er tjuve år, dersom ein ynskjer å ta vare på grava (feste den) for ein tiårsperiode. Dersom det vert sett av ein ledig plass ved sida av ei grav som skal nyttast, betaler ein festeavgift frå starten av denne avtalen. Ei slik ledig grav bandlegg arealet på gravplassen på ubestemt tid, men gjer at til dømes eit ektepar eller familie kan gravleggjast nær kvarandre. Når ei grav, eller den siste av to graver med felles stein, er 70 år, får ein varsel om sletting. Det er høve til å søkje Vaksdal kyrkjelege fellestråd om forlenging av festetida ut over 70 år, men då må ein grunnkje dette.

### Gravferdsloven §14. Feste av grav.

Kirkelig fellestråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmerer regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter.

For feste av grav kan det kreves avgift. Festerett til grav kan bare innehas av en person. Festetiden skal ikke være lengre enn 20 år. Et feste kan fornyes dersom graven er holdt i hevd og fornyelse ikke vil vanskeliggjøre en forsvarlig drift av gravplassen.



Borna er klare til skulestart! Frå venstre: Ingrid Marie (5. kl.), Ole-Johan (8. kl.) og Eivind Prakash (3. kl.).

## Attende i Nepal

Brått var me tilbake i Nepal att, ti år etter at me flytta hit første gongen og fem år etter at me flytta til Noreg att! I fjor trudde me at me skulle flytta til Nepal som utsendingar for Himalpartner gjennom eit industriutviklingsprosjekt, men det stranda i siste liten. Sidan den tid har me hatt nokså «lause teltpluggar», og det var ikkje vanskeleg å seia ja då Kjartan i februar fekk tilbod om jobb gjennom Danida, som er danske myndigheiter sitt utviklingsorgan. Arbeidsplassen hans er hjå nepalske myndigheiter, og han arbeider som rådgjevar i eit stort nasjonalt program for promotering av fornybar energi på landsbygda (for meir info, sjå: <http://www.aepc.gov.np/> -følg linken til NRREP)

Sjølv om me er her i Nepal gjennom ein heilt ordinær sekulær jobb er det naturleg for oss å halde kontakten mot det kristne miljøet som me var ein del av sist me budde her. Me har allreie fått tatt opp nokre gamle kontaktar som fellesskapet i Kathmandu International Christian Congregation. Kjartan traff også «tilfeldigvis» på vår gamle portvakt, Surya, på gata i nabolaget. Me hadde mista

kontakten med han etter tida i Noreg. Surya er ein ivrig kristen som brenn for å dela trua si med sine egne. Han har allereie vore på besøk fleire gonger og delt frå arbeidet sitt. Me er også «vener av Himalpartner» og held kontakten mot dei.


Etter 5 år er det mykje som er det same, men likevel mykje som er annleis. Landet er framleis i eit politisk kaos, det er framleis stauvsporing og vannmangel, men også folkelig og gjestmilde menneske. Den største skilnaden for vår del er at me no har med oss tre born i skulealder. Det byr på andre utfordringar enn då dei var yngre. Så langt har det vore mest ferie sidan me kom, men no er skulen i full gong. Både Ole-Johan, Ingrid Marie og Eivind Prakash går på KISC, som er ein privat engelskspråkleg skule. Det har vore ein litt krevjande overgang til nytt språk og nytt miljø, og Elisabeth har inntil vidare full jobb med å hjelpe dei på plass.

*Me er takksame for alle som tenker på oss!  
Helsing Familien Kjartan og Elisabeth Gullbrå*



### Dugnad på klokketårnet på Vaksdal gravplass

To av medlemmane i soknerådet, Odd Arild Faugstad og Bjørn Knutsen, har saman med fleire gode hjelparar flikka og måla på klokketårnet på Tveitane, Vaksdal gravplass. Tømmestokken bygg har skifta takrenner. Arbeidet er flott utført, og me takkar dugnadsjengen for innsatsen!



### Tårnarbeid på Nesheim kyrkje

Det vart starta reparasjonar på klokketårnet på Nesheim siste veka i august. Bord og beslag skal skiftast, takrenner reparerast, og tårnet målast. Arbeidet vert utført av Byggmeister Olav Græe AS, frå Voss.

# Gudstenestereform – syndsvedkjenning

Syndsvedkjenning er eit ledd som lenge har hatt fast plass i starten av gudstenesta. Tanken med det har vore at når ein kjem inn i kyrkja til gudsteneste er det godt å få legge av seg det som tyngjer. Ein veit med seg sjølv at ein stadig gjer, seier eller tenker ting ein ikkje burde, som ikkje er av det gode. Dette vert i kristendommen kalla synd. Det å erkjenne at ein er eit menneske med synd, for så å legge det frå seg over på Jesus Kristus, og be om tilgjeving er sentralt i kristendommen.

Mange opplever at det å gjere dette i starten av gudstenesta er ein fin måte å kunne fortsette gudstenesta på; som ein tilgjeven syndar. I den nye liturgien er også «tilseiingsorda» komme med, og som ein kan nytte om ein ynskjer. Det er ord som seier at ein er tilgjeven av Gud.

Med den nye gudstenestereforma er det kome høve til å plassere syndsvedkjenninga seinare i gudstenesta. Nokon meiner at det kan vere for tidleg å erkjenne

synd når gudstenesta knapt har teke til, og at orda som var brukt i den tidlegare liturgien var framande og lite attkjennande for folk flest. Samt at det kunne verke brutalt å verte møtt med sterke ord om synd når ein kanskje knapt torde gå til kyrkje.

Synspunkta har vore ulike i diskusjonane rundt dette, og konklusjonen vart når ein skulle vedta gudstenestereforma at det er kyrkjelydane lokalt som vel plassering av syndsvedkjenning. I Vaksdal har ein valt det slik at i vanlege gudstenester som liknar på høgmessa me hadde før, vert syndsvedkjenninga plassert tidleg i gudstenesta. Ved dei gudstenestene som liknar det me før kalla familiegudsteneste er syndsvedkjenninga plassert seinare i gudstenesta. Det vil seie før forbøna. Kanskje har du ikkje tenkt noko over dette det siste halvåret, men dette kan du merke deg ved neste gudsteneste.

**Tone Synnøve**

## Kronerulling

Me minner om kronerullinga for å skaffe nytt lerret og dataframvisar i Vaksdal kyrkje. Me treng ei oppgradering av utstyret som vert brukt mellom anna under gudstenester til salmar og liturgi i kyrkja. Det er naudsynt å nytte anten data eller skriftlege program når me no har innført den nye gudstenesteordninga, samstundes som det óg kjem ny salmebok til jul som kan nyttas digitalt. Opphenget for det gamle lerretet er gått ut på dato. Med nytt lerret og oppheng vil det sjå mykje betre ut i kyrkja. Kvalitet på framvisar og lerret vil sikra at kyrkjelyden kan sjå sjølv om dei sit langt bak i kyrkja. Me satsar no på ein fast montert framvisar bak i kyrkja.

Kostnadene og arbeidet vil kome på til saman ca. 50-60 tusen kroner. Med 50 personar som gjev tusen kroner kvar, er me dekkja. Me tek sjølvsagt imot gåver på andre beløp, men dette reknestykket gjev eit anslag på kva som skal til. Gåver kan gjevast anonymt. Her tenkjer ein omgrepet "kronerulling" berre som eit uttrykk for pengeinnsamling til eit spesielt formål. Gåvene kan setjast inn på eiga innsamlingskonto for Vaksdal sokneråd kto. 35302395746. Til no er det kome inn kr 3000. Me vonar på god respons og trur at dette kan verte til god nytte og velsigning i kyrkja framover. Ta gjerne kontakt for informasjon med Edvard Bø, 90840624 eller Kyrkjeverje Svein Tøsse, 56593921.

## Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - **NY PRIS kr 150,-**.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen

kyrkje 50 år. 220 sider -

**NY PRIS kr 200,-**

Kan kjøpast her:


Dale: Gyda og Mix  
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja



### Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)

104 sider – kr. 50,-.



### Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider – kr. 50,-.

### Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

(perioden 1986-2011) er til sals hjå soknerådsmedlemmene. Pris kr 100,-.



**CD-en kostar kr 100,-,**  
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrjekontoret

# NON-STOP BØNEHELG

13.-15. september  
i Dale bedehus

Dei som ynskjer å ta ei «vakt»,  
kan melde seg til  
Jarle Rosvold (56 59 82 52) .

Hovudsalen i bedehuset vil heile tida  
vere open for dei som ynskjer å kome,  
og der treng ein ikkje å melde seg.  
Der vert det ei bønevandring, og rommet  
kan nyttast til bøn, lovsong og stilla  
i Guds nærleik, og ein kan koma  
og gå som det høver.

## FELLES MØTEVEKE

Talar: Reidun Skurtveit  
i Dale bedehus

**Onsdag 16. oktober**  
**Torsdag 17. oktober**  
**Fredag 18. oktober**  
**Sundag 20. oktober**

Sjå nærare annonsering  
og plakatar om tider m m

## VING

**Annan kvar fredag i  
Dale bedehus kl. 18.30-  
20.30.**

Ving er eit tilbod for dei som  
går i 5. til 7. klasse.

Datoane i haust:  
13. september,  
27. september,  
11. oktober,  
25. oktober,  
8. november,  
22. november.



## STORSAMLING m m i Vaksdal bedehus

**Søndag 15. september kl 11.00:**

Storsamling, talar: Leiv Nesheim

**Onsdag 18. september kl 19.00:**

Møte for Samemisjonen v/ Arne Jørgensen

**Lørdag 5. oktober:**

Bedehusdagen

**Søndag 6. oktober kl 11.00:**

Storsamling, talar: Leiv Nesheim

**Søndag 27. oktober kl 11.00:**

Storsamling, talar: Asle Hetlebakke

**Fredag 15. november kl 19.00:**

Møte for N. L. Misjonssamband v/ Kristian Gangstø

**Søndag 10. november kl 11.00:**

Storsamling, fellessamling i kyrkja



Det er søndagsskule i kjellaren kl. 11.30  
dei same dagane det er Storsamling



## MØTER i Dale Bedehus

**Onsdag 18. september kl 19.00:**

Møte, talar: Reidun Skurtveit

**Søndag 29. september kl 18.00:**

Møte, talar: Christian Skoge

**Laurdag 2. november kl 16.00:**

**BASAR!**



Kvar tredje søndag kl. 11-12: 8. september, 29. september,  
20. oktober, 10. november og 1. desember.

**Stanghelle bedehus:** Det er ikkje aktivitet i Stanghelle  
bedehus, då det er leigd ut som barnehage fram til  
sommaren 2014. Men:

**Laurdag 19. oktober kl. 16.00:**

Basar for Stanghelle bedehus  
i Stanghelle Samfunnssal

## Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

**DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN**

Opningstider: 7.30 - 15.00

Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no

ao-senter@vaksdal.kommune.no



## Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering



Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01



## Sparebanken Vest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

## Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

# ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

# BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

# SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektrikar-  
tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -*

*Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

# GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**S**  
**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

## Salmeprosjekt for Ungdom

9. november vert det salmekonsert for konfirantar og anna ungdom. I samband med ungdomsåret i Bjørgvin ynskjer ein her i Vaksdal å setje fokus på ungdom.

Eit av tiltaka vil vere ein salmekonsert for ungdom.

Salmane vert arrangert ut for band i ny rytmisk/moderne drakt av kantor Olav Arne Steinkopf. Han har gjennom ei årrekke jobba med å tilpasse salmar inn i eit meir moderne musikkuttrykk. Det musikalske uttrykket vert ei blanding av pop, rock og jazz. Ein ynskjer kvalitet på det som vert gjennomført og vil bruke profesjonelle utøvarar i samarbeid med amatørar lokalt.

## St. Jakob – ungdomskatedral

Bergen domkirkes menighet har mange kyrkjer og arbeidar for å utvikle eigne profilar for dei ulike kyrkjene. St Jakob er Ung katedral – for unge etter konfirmasjonsalder. Her har ein arbeidd i lengre tid for å legge til rette eit gamalt kyrkjerom og kyrkjebygg for ungdomar. Det står ferdig og vert innvigd denne hausten i ungdomsåret i Bjørgvin.

St Jakob skal ha eige lydstudio, datarom, og vil verte utstyrt med profesjonelt lyd- og lysanlegg både i kyrkja og i kyrkjelydssalen. Der er laga opne plassar i kyrkja slik at det er rom for dans og drama. St Jakob skal vere ei lågterskla kulturkyrkje for unge samtids som den skal fungere som ei kulturkyrkje for Bergen by. I tillegg er det tanken å bygge opp eit studentarbeid i kyrkja.

Kanskje du er student i Bergen, eller går på vidaregåande og reiser ein del til Bergen. Stikk gjerne innom St Jakob og sjå kva som føregår. Den ligg i Lars Hillesgate, ikkje langt frå togstasjonen og bystasjonen.

Tone Synnøve



Dale of Norway  
56 59 54 00



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

**NorDan** Bytt til meir energisparande vindauge og merk forskjellen i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



#### Dale

- 09.06. Malene Berntzen Lilletvedt (døpt i Stamnes kyrkje)  
16.06. Ella Faugstad Straume  
14.07. Lilly Malena Ljungquist (døpt i Stamnes kyrkje)

#### Stamnes

- 25.08. Serina Marie Mo Lilletvedt

#### Eksingedalen

- 16.06. Linea Brønstad  
16.06. Viljar Vetlejord Feirud

### VIGDE



#### Vaksdal

- 22.06 Ingvild Karin Vikøren og  
Dan Edward Kydland Skaftun

#### Dale

- 20.07 Solfrid Hesjedal og Erling Rolland

#### Bergsdalen

- 20.07 Trine Økland Lien og Jan-Eirik Småbrekke  
10.08 Anne Kristine Sandal og Kato Furuboten

### DØDE



#### Vaksdal

- |            |                       |      |
|------------|-----------------------|------|
| 19.06.2013 | Erna Karlsen          | 1931 |
| 05.07.2013 | Maria Ekse            | 1919 |
| 14.07.2013 | Trygve Hvidsten       | 1914 |
| 31.07.2013 | Ingrid Johanna Opheim | 1927 |

#### Dale

- |            |                   |      |
|------------|-------------------|------|
| 30.05.2013 | Konrad Stanghelle | 1921 |
| 10.06.2013 | Ingebjørg Heimdal | 1916 |

- |            |                           |      |
|------------|---------------------------|------|
| 16.06.2013 | Anlaug A Berge            | 1920 |
| 04.07.2013 | Nils Ingvard Farestveit   | 1945 |
| 18.07.2013 | Solveig Samuelsen         | 1921 |
| 25.07.2013 | Annie Myklebust Gregersen | 1941 |
| 04.08.2013 | Erna Magdalena Sæterdal   | 1924 |

#### Stamnes

- |            |                |      |
|------------|----------------|------|
| 16.07.2013 | Åsmund Stamnes | 1921 |
|------------|----------------|------|

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 8. september** - 16. sundag i treeiningstida  
**FAGERTUN LEIRSTAD** kl. 11:00. Gudsteneste, samarbeid mellom kyrkjelyden og familieleiren på Fagertun. Frode Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi

**Sundag 15. september** - 17. sundag i treeiningstida  
**EIDSLAND KAPELL** kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.

**Sundag 22. september** - 18. sundag i treeiningstida  
**STAMNES KYRKJE** kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø og Berit Nøst Dale frå NLA. Nattverd. Dåp.  
**DALE KYRKJE** kl. 16:00. Ung Messe med konfirmantane som har vore på leir. Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

**Sundag 29. september** - 19. sundag i treeiningstida  
**NESHEIM KYRKJE** kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.  
**VAKSDAL KYRKJE** kl. 16:00. Ung Messe med konfirmantane som har vore på leir. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.

**Sundag 6. oktober** - 20. sundag i treeiningstida  
**BERGSDALEN KYRKJE** kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.

**Sundag 13. oktober** - 21. sundag i treeiningstida  
**DALE KYRKJE** kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. 50- og 60-årskonfirmantane.  
**EKSINGEDALEN KYRKJE** kl. 11:00. Hausttakkefest. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

**Sundag 20. oktober** - 22. sundag i treeiningstida  
**VAKSDAL KYRKJE** kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. 50-årskonfirmantane.

**Sundag 27. oktober** - Bots- og bøneding  
**EIDSLAND KAPELL** kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

**Sundag 3. november** - Helgemessesundag  
**DALE KYRKJE** kl. 11:00. Familiiegudsteneste med utdeling av bok til 4-åringane. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.  
**STAMNES KYRKJE** kl. 16:00. Familiiegudsteneste med utdeling av bok til 4-åringane. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Korskulen. Kyrkjekaffi.

**Sundag 10. november** - 25. sundag i treeiningstida  
**VAKSDAL KYRKJE** kl. 11:00. Felles familiiegudsteneste saman med bedehuset, med utdeling av bok til 4-åringane. Edvard Bø. Korskulen. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

**Sundag 17. november** - 26. sundag i treeiningstida  
**NESHEIM KYRKJE** kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

**Sundag 24. november** - Siste sundag i kyrkjeåret  
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

*Dåp = Høve til dåp. Sjå annonsar og plakatar for oppdaterte opplysningar*

*Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.*



## *Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*www.bunadogstakkastovo.no*